

Dato : 07.03.2013
Vår ref. : 13/3424

Saksbeh. : Eldri Siem
Telefon : 61216192
E-post : post@nord-fron.kommune.no



**Nord-Fron
kommune**

Landbruks- og matdepartementet

Nedregate 50
2640 Vinstra

Telefon
61 21 61 00

Telefaks
61 21 61 01

E - p o s t
postmottak@
nord-fron.
kommune.no

www.
nord-fron.
kommune.no

Bankgiro
2095.06.05775

Bankgiro skatt
6345.06.05168

Uttale frå Nord-Fron kommune jf. høyring om endringar i jordlova § 12 og forslag om innskrenkingar av odelskrinsen og endringar i reglane om odelsfrigjering.

Syner til høyringsbrev datert 23.01.2013 og 24.01.2013 for høvesvis høyring av forslag om innskrenkingar i odelskrinsen og endringar i reglane om odelsfrigjering og høyring om endringar i jordlova §12.

Nord-Fron kommune mottok høyringsbrev den 15.02.2013.

Vedlagt ligg følgjande:

- Sak 022/13: Uttale frå Nord-Fron kommune jf. høyring om endringar i jordlova § 12 – deling
- Sak 023/13: Uttale frå Nord-Fron kommune i høve til forslag om innskrenkingar av odelskrinsen og endringar i reglane om odelsfrigjering

Utval for landbruks-, utmarks- og miljø saker i Nord-Fron kommune skal behandle sakene 022/13 og 023/13 i møte den 13.03.2013. Etter avtale med departementet v/ avdelingsdirektør Inger Grette pr. telefon den 18.02.2013, blir vedtak etter politisk behandling den 13.03.2013 ettersendt.

Med helsing

Eldri Siem
Jordbrukssjef

Godkjend og sendt ut utan underskrift iht. interne rutinar.



Nord-Fron kommune

Politisk sak

Uttale frå Nord-Fron kommune i høve til forslag om innskrenkingar av odelskrinsen og endringar i reglane om odelsfrigjerung

Utval	Saksnr	Møtedato	Saksbehandlar
Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker	023/13	13.03.2013	ESI

Saksansv.: Eldri Siem	Arkiv: V60, &13	Arkivsaknr.:	13/564
		Journalpost:	13/3331

Vedlegg:

1. Høyringsnotat, Landbruks- og matdepartementet, datert 23.01.2013 - Forslag om innskrenking av odelskrinsen og endringar i reglane om odelsfrigjerung

Bakgrunn for saka:

Landbruks- og matdepartementet har i brev datert 22.1.2013 sendt på høyring forslag til endringar i lov 28.6.1974 nr 58 om odels- og åsetesretten (odelslova). Forslaga er ei oppfølging av Meld. St. 9 (2011-2012) om Landbruks- og matpolitikken (Landbruksmeldinga). Nord-Fron kommune mottok høyringa den 15.2.2013. Høyringsfristen er sett til den 6.3.2013. Ved førespurnad til departementet v/ avdelingsdirektør Inger Grette pr. telefon den 18.2.2013 vart det ikkje opna for utsett høyringsfrist, men det vart gjeve lovnad om å ta omsyn til høyringsuttala sjølv om ho blir oversenda fyrst etter politisk behandling den 13.3.2013.

Landbruks- og matdepartementet foreslår to endringar i odelslova. Departementet foreslår endringar i odelslova § 8, fyrste ledd (Kven som har odelsrett). Forslag til endringar går ut på å innskrenke odelskrinsen, slik at berre *barn av eigar med odelsrett kan ha odelsrett*. Dette gjeld nåverande og tidlegare eigarar. I tillegg foreslår departementet, på bakgrunn av uttala til Lovavdelinga i Justisdepartementet, at *barnebarn av siste eigar med odelsrett skal ha odelsrett*.

Det skal vidare påpeikast at departementet i brev av 13. mars 2012 bad Lovavdelinga i Justisdepartementet om å vurdere om forslaget til innskrenking i odelskrinsen kunne gjennomførast utan å kome i strid med Grunnlova § 107. Etter Lovavdelinga si vurdering var det ikkje problematisk å fjerne nevøar og nieser frå odelskrinsen.

Vidare foreslår departementet, som ei oppfølging av landbruksmeldinga, å oppheve odelslova § 31 om odelsfrigjerung ved overtaking av tilleggsjord til landbrukseigedom.

Rådmannsleiinga si vurdering:

Odelsrett er regulert i Lov 28.6.1974 nr 58 om odels- og åsetesretten (odelslova) og er ein *privatrettsleg særrett* for den slekta som gjennom ei viss tid har hatt tilknytning til

ein landbrukseigedom. Slik eigedom blir kalla *odlingsjord*. Etter odelslova § 2 kan ein eigedom reknast som odlingsjord når fulldyrka eller overflatedyrka jord på eigedomen er over 25 daa, eller det produktive skogarealet på eigedomen er over 500 daa.

Rådmannsleiinga ser positivt på departementet sine forslag til endringar av odelslova.

Ved å innskrenke odelskrinsen vil ein kunne redusere tal odelsløyingsaker. Dette er saker der ein ny eigar utan odel eller dårlegare odelsprioritet kan måtte overdra garden til den som har kravd odelsløyingsak.

Dersom forslag til endring i odelskrinsen blir vedteke, forventar ein at det kan føre til at fleire landbrukseigedomar kjem på sal. Frå tid til annan er det ein viss etterspurnad etter landbrukseigedomar frå personar som ønskjer å koma inn i næringa.

Elles er ein samd i dei vurderingane som er gjort i høve til at når ein eigedom blir teke over av ein odelsrettshavar langt ut i odelsrekka, vil det som oftast vere ein person som har liten tilknytning til garden og drifta. Ein ser det som meir sannsynleg at barn som veks opp på garden får ei tilknytning til eigedomen.

I høve til oppheving av § 31 i odelslova, odelsfrigjering, er det som nemnt i høyringsdokumentet få saker. Dette er svært ressurskrevjande saker for landbruksmyndigheitene. Dersom forslag om innskrenking av odelskrinsen blir vedteke, reknar ein med at det vil bli enda færre saker.

Administrasjonssjefen legg saka fram for utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker med slik:

Innstilling:

1.	Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker i Nord-Fron støttar rådmannsleiinga si vurdering.
2.	Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker i Nord-Fron støttar forslag frå Landbruks- og matdepartementet om innskrenking av odelskrinsen og oppheving av § 31 i odelslova (odelsfrigjering).

Administrasjonssjefen i Nord-Fron

Arne Sandbu